



# Retningsliner for bruk av dronar

Dovrefjell-Sunnadalsfjella nasjonalpark og Hjerkinn biotopvernområde med landskapsvern.

All bruk krev at ein har søkt og fått løyve, jf. § 10 i forskriftene. Matrisa under gjev retningsliner for handsaming av søknader.

Vedtatt av Dovrefjell nasjonalparkstyre 10.12.2018, sak DNPS 53/2018

| Type søknad   | <b>Handsaming:</b>   | <b>Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag.<br/>Alltid ved løyve: Omsyn til verneverdiar</b>   |
|---|--|---|
| <b>Forsking, naturdokumentasjon</b>                   | Ja, på vilkår  | Styre unna sårbare område på sårbare tider  |
| <b>Overvaking for samfunnstryggleik</b>               | Ja (vilkår om ikkje akutt)                                     | Styre unna sårbare område på sårbare tider om ikkje akutt   |
| <b>Naturprogram, presentasjon av verneområda</b>      | Ja, men på vilkår  | Styre unna sårbare område på sårbare tider  |
| <b>Forvaltning av verneområda</b>                     | Ja (vilkår om ikkje akutt)                                     | Styre unna sårbare område på sårbare tider om ikkje akutt   |
| <b>Landbruksføremål</b>                               | Ja, men på vilkår  | Styre unna sårbare område på sårbare tider  |
| <b>Reiselivsdestinasjon, overordna marknadsføring</b> | Ja, ,på vilkår i område der vi ønsker trafikk.                 | Ikkje marknadsføre aktivitetar til sårbare tider i sårbare område. Styre unna sårbare område på sårbare tider                               |
| <b>Nyheitsformidling/ riksmedia</b>                   | Ja, på vilkår  | Må vera ein alvorleg / viktig sak av stor allmenn interesse. Styre unna sårbare område på sårbare tider                                     |
| <b>Einskildbedrift lokalisert ved/i verneområda</b>   | Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjon. | Presedensverknad,, jf. nml § 10 samla belastning Kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje treng løyve. |
| <b>Arrangement/ konkurransar, promoterings-video</b>  | Nei  | Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning Kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje treng løyve.  |
| <b>Aktivitetsfirma tur-dokumentasjon for grupper</b>  |  |   |
| <b>Private turar , film for sosiale media</b>         |  |   |
| <b>Underhaldnings-program</b>                         |  |   |
| <b>Spelefilm</b>                                      |  |   |
| <b>Produktreklame</b>                                 |  |   |

Forvaltarane handsamar søknader etter delegert fullmakt i tråd med matrisa. Generelt skal ein berre gje løyve der drone er naudsynt for oppdraget og nytte er dokumentert. Om alternativet er helikopter, skal drone nyttast om mogleg.

Nasjonalparkforvalterane har løyve til å nytte drone, eller tinge bruk av drone, når det er naudsynt i forvaltningsoppdrag, under omsyn til verneverdiene.